

Til Naturvernforbundet i Møre & Romsdal

Ved Øystein Folden

Viser til dykkar brev dagsett 17.02.2026. «HØGSPENTLINJE PÅ NORDSIDA AV GRIMSTADVATNET»

Det er alltid svært beklageleg når fugl mister livet på grunn av straumlinjene våre. Dette er eit kjent problem mange plasser der det er straumlinjer, og noko nettbransjen arbeider systematisk med. Ved Grimstadvatnet har vi fleire fuglemarkørar på linja for å gjere området meir synleg for fugl, men hendinga denne veka viser at tiltaka ikkje er tilstrekkelege.

Vi er i gang med planarbeid for ei permanent løysing, der vi ønskjer at luftleidninga skal bli erstatta av jordkabel. Dette er likevel eit omfattande og kostnadskrevjande prosjekt som krev grundig vurdering og omsyn til fleire forhold, mellom anna at vi må unngå myrområde. Det er difor førebels ikkje avgjort når ei slik løysing vil bli gjennomført.

Som førebuing til ei framtidig omlegging har vi lagt trekkerøyr på delar av strekninga. Ny nettløysing i dette området er med i våre nettutviklingsplanar, vi vil gjere nye vurderingar på om dette prosjektet skal prioriterast opp.

I slike prosjekt er det mange omsyn som spelar inn, og vi er tydelege på at liv og helse alltid kjem først.

I mellomtida vurderer vi kva for midlertidige tiltak som er nødvendige for å redusere risikoen for samanstøyt med fugl i området.

Mvh

Arve Hovdenakk

Divisjonsleiar Nettforvaltning

Linja AS